

# Fjågesund Posten

Nr. 3 august 2014

## JULI

*Solsteikte liar, dirrande dis  
ange av nyslege eng  
Ligge i skuggen under eit tre  
på ei mosemjuk seng  
Solflimmer mellom skjelvande lauv  
Eit pust av svalande vind  
stryk mildt og mjukt som eit kjærteikn  
over eit sommarbrunt kinn  
Tonar frå tusen finstemte strengar  
listar seg inn i øyret  
og blir til ein melodi i moll  
berre den som lydar kan høyre  
Ligge og drøyme om kjærasten sin  
Sjå upp mot det blå  
Kjenne seg elska av livet  
for lukka er her og nå  
Vite at rikdom, ære og makt  
kan'kje måle seg med  
å få ligge i skuggen ein høgsommardag  
under eit tre*

K.

## LOPPEMARKED


Laurdag 23. august kl 14.00

på Fjågesund grendehus

Sal av:

-  lapskaus
-  vafflar
-  brus
-  kaffi




Har du nå rydda loft og kjellar og funne lopper av mang slags slag - håpar me du vil gje dei til oss og støtte Fjågesund idrettslag! Alt utanom klede, sko og store elektroartiklar vil bli motteke på grendehuset med stor takk  på desse dagane:

- Sondag 17. august kl 18 - 19
- Torsdag 21. august kl 18 - 19
- Fredag 22. august kl 18 - 20



Velkomen til ein triveleg dag med

 liv og røre   
opper og lus  
på Fjågesund grendehus!

# GUDSTENESTE

Søndag 24. august kl. 11.00.

i Kilen kapell.

## STØTT FJÅGESUND IL MED TOMGODS!

Har de tomgods som me kan pante til inntekt for laget vårt, vil me gjerne at de set det ut i knytt pose, ved trammen eller innkjørsla di slik at det er lett å finne.

Me køyrer rundt og samlar inn:

Onsdag 27. august  
kl 17.00.



Utsikt frå tur-terrenget

## TUR

Berge - Østmarka - Nerstaul  
Søndag 31. august



Me møtast på Sud-Berge kl 10.00.

Ta med niste, det blir rast ved Aase-nuten.

Vær atterhald.



Utsikt frå tur-terrenget

# IDRETTSMERKEPRØVE

**Mondag 1. september kl. 17.00.**

på grendehuslassen.

Oppfordring! Møt opp og test deg sjølv!!!!



# KOM DEG UT-DAGEN

**Søndag 7. september**

Bli med Kviteseid Turlag og Barnas Turlag  
Kviteseid til Venelifjell.

Vi går turstien med naturstiplakater opp til Venelitjørni, og samlast ved den nye "Venelibui". Der blir det grilling på bålpanne, pinnebrød og annan kos. Det blir ulike aktiviteter for barn og voksne og premieutdeling fra naturstien. De som vil ta en topptur opp på Venelifjellet sammen med turleder for å nyte Vrådals videste og vakreste utsikt, kan det.

Arrangementet avslutter ca. kl.16.00.

Oppmøte: P-plass Bendiksmyr kl. 11.00

(avkøyring frå riksveg 41 ved skilt "Venelifjell" litt nord for Vrådal Bilsenter - følg skilting "Venelifjell" videre til Bendiksmyr).

# KNARREN LØYPELAG

melder om at plata til den nye varmebua på heia, nå er ferdig støpt. Bua blir eit stavbygg på 30m<sup>2</sup>, laga av Arvid Homleid. Dei håpar å få taket på før snoen kjem. Mange arbeidstimar ventar dei entusiastiske dugnadsfolka framover.






## GRENDEHUSBASAR

Det er snart tid for den årlege basaren til Fjågesund Grendehuslag. Me er svært takksame for gevinstar. Dei kan leverast til Gunn, eller Odd seinast **fredag 20/9-2014**.

Me oppmodar alle som har lånt ting med seg heim frå grendehuset, om å levere desse tilbake. Det manglar bla. fleire kjelar og fat. Dei kan leverast til Gunn eller Odd, eller på grendehuset når det er offentlege tilstellingar.

## GRUNNLOVSJUBILEET

vart feira på Kviteseid Bygdetun laurdag 15. juni i strålende sommarvær! Alle lag og foreningar i kommunen blei innbedt til å stille med ein presentasjon av seg sjølv. Bortimot 20 lag stilte med stand. Me frå Fjågesund slo oss isammen, og laga stand med fotoutstilling og lynlodd. Premiane til loddsalet var 10 flotte gåvekort gjeve av diverse firma og 10 andre gevinstar. Som ein attraksjon, hadde me med Buick frå 1920 og lodda også ut ein køyretur med den. Alt dette var veldig populært og me vart utselde for lodd! Det var ellers eit tettpakka program, vi nemner messe i gamlekyrkja, barne "17. mai-tog", song av Veslemøy og gitar-Jan, allsong med alle kor og korps i kommunen, m.m. Omlag 600 menneske var innom tunet. Dagen blei avslutta med allsong av "Ja Vi Elsker".



Sjå også heimesida til Fjågesund på:  
[fjaagesund.no](http://fjaagesund.no)